

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 27.01.2015

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 27.01.2015

Dokument utdelt i møtet:

NOU 2014/14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg

Vedtak

Bygg på Kokstad: Styret ber administrasjonen vurdere det tidlegare Statoil bygget på Kokstad som mogleg lokale for ei felles fagskule. Administrasjonen arrangerer og reiser på befarung. Styremedlem som har høve til å vere med kan delta på befarunga.

Orienteringar

Bergen maritime fagskole: Skolen bidrar i planlegginga av avansert boring av ein brønn. Det er Odfjell drilling som arbeidar med denne brønnen. Denne operasjonen kan leggjast inn i simulatoren til skulen for seinare trening.

Boresimulatoren vert nytta meir og meir, og Bergen maritime er i dialog med Deepsea Stavanger i Angola om kurspakke innan CRM.

Bergen tekniske fagskole: Skulen har arrangert den andre vitnemålsutdelinga på Stord. Fleire lokalaviser i Kvinnherad hadde god dekning på arrangementet.

Turbulensen i oljenæringa gjer at det er lettare å rekruttere lærarar.

Arbeidet i Haugeveien er starta opp, og festsalen er planlagt til bruk allereie i mai til vitnemålsutdeling.